



Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Dato: 27.10.2014
Vår ref.: 2014/18653-14
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Kommuneplan for Modalen kommune 2014 - 2025 Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi oversender her Hordaland fylkeskommune si fråsegn til kommuneplan, samfunnsdel og arealdel for Modalen kommune. Fråsegna er politisk handsama i kultur- og ressursutvalet (KURE) i samsvar med delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.

Per Nordmark
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310

Arkivsak: 141
 Arkivnr: 2014/18653-3
 Saksbehandlarar: Per Nordmark, Lars Øyvind Birkenes, Gunnbjørg Austrheim, Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	140/14	21.10.2014

Fråsegn til kommuneplan for Modalen kommune – areal- og samfunnsdel

Samandrag

Modalen er Noregs nest minste kommune med omlag 370 innbyggjarar. Folketalet har vore svakt stigande siste 10 år. Framleis folketalsvekst, tilgang til naudsynt kompetanse og vidareutvikling av næringslivet er hovudutfordringane i kommunen. Modalen kommune rullerer både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Gjeldande arealdel vart vedteken i 2004. Kommunen melde oppstart av planarbeidet i mars 2010 og Hordaland fylkeskommune gav innspel til oppstartmeldinga. Kommunen har tatt omsyn til fylkeskommunen sine innspel i utarbeidinga av planen.

Kommunen har lagt stor vekt på lokal medverknad og har lukkast tilfredsstillande. I planprosessen er det definert behov innan ulike sektorar, og fastsett mål og strategiar. Det er i arealplanen lagt til rette for ein arealbruk som gjer at kommunen kan nå måla. Mål og arealbruk er planlagt på eit realistisk nivå. All ny arealbruk er konsekvensutgreidd. I nokre tilfelle er ulike alternativ vurdert opp mot kvarandre.

Planen er utarbeidd i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. Arealkartet og føresegner er utforma slik at det gjev føreseieleg arealbruk og rammer for ulike tiltak. Kommuneplanen for Modalen er konkret og utforma slik at den vil vera eit godt reiskap for kommunal sakshandsaming, og gje føreseielege rammer for publikum og næringsliv.

Planen set krav om områderegulering før vidare utbygging av kommunesenteret Mo.

Forslag til vedtak

1. Kommuneplanen for Modalen, samfunnsdelen og arealdelen er utarbeidd i samsvar med mål og retningsliner i regionale planar. Kommunen har gjort eit grundig arbeid ved utarbeidinga, og samstundes framstilt planen lettfatteleg og brukarvenleg. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen som eit godt styrings- og utviklingsreiskap for samfunnsutviklinga i kommunen. Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til planen.

2. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om utbyggingsområda i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er oppfylt

- | |
|---|
| 3. Konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande med omsyn til kulturminne. |
| 4. Med omsyn til naustbygging på Nøttveit må ein ta sær s omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet. |

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommuneplanen for Modalen, samfunnsdelen og arealdelen er utarbeidd i samsvar med mål og retningsliner i regionale planar. Kommunen har gjort eit grundig arbeid ved utarbeidinga, og samstundes framstilt planen lettfatteleg og brukarvenleg. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen som eit godt styrings- og utviklingsreiskap for samfunnsutviklinga i kommunen. Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til planen.
2. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om utbyggingsområda i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er oppfylt
3. Konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande med omsyn til kulturminne.
4. Med omsyn til naustbygging på Nøttveit må ein ta sær s omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.08.2014

1. Bakgrunn

Modalen kommune har sendt kommuneplan, samfunns- og arealdel på høyring med frist 20. september. Vi har søkt og fått utsett frist med 5 veker til 27.10.2014. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Kultur – og ressursutvalet kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.



*Kommunesenteret Mo i
Modalen kommune.
(Bryggjeslottet er ikkje
med på bildet)
Kjelde: Finn.no*

1.1 Planprosess og medverknad

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteken i 2004. Modalen kommune vedtok 16.03.2010 oppstart av rullering av kommuneplanen. Hordaland fylkeskommune gav innspel til planprogrammet i brev av 03.05.2010. Fylkeskommunen fokuserte særleg på at fylgjande må inngå i planarbeidet:

- ✓ Fokus på strategiar for arbeidet med folkehelse, barn og unge og kommunale tenester.
- ✓ Tilrettelegging for næringsliv og sysselsetting.
- ✓ Klima og energi må inngå i samfunnsdelen.
- ✓ Alternative strategiar for utvikling av kommunen bør utarbeidast.
- ✓ Kulturminnevernplanen for Modalen er eit særst godt reiskap i planarbeidet, men bør på nokre område oppdaterast.
- ✓ Freda kulturminne må visast i plankartet.
- ✓ Kulturminne og kulturmiljø må konsekvensutgreiast.
- ✓ Kommunen må vidareutvikla kommunesenteret Mo som ein attraktiv stad og leggja opp til tettare busetnad.
- ✓ Tilrår kartlegging av den funksjonelle strandsona.
- ✓ Tilrår nøye vurdering av lokalisering av fritidsbustader.

I tillegg til den formelle kunngjeringa og høyringa arrangerte kommunen folkemøte og møte med næringslivet i april 2013. Ungdomsskulen gjennomførte sommaren 2013 eit skriveprosjekt om bedriftsetablering i Modalen. Kommunen gjennomførte barnetrakk-registrering. I høyringsperioden arrangerer kommunen folkemøte 26. august 2014. Høyringsfrist er 20.09.2014.

2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser.

Modalen kommune har eit areal på 384 km² og 372 innbyggjarar pr. 1. jan 2014, - og er nest minst i Noreg.

2.1 Samfunnsdel

Samfunnsdelen til kommuneplanen er utarbeidd parallelt med arealdelen. Samfunnsdelen er kort og inneheld 5 hovudmål for planperioden. Under kvart hovudmål er det formulert tydelege strategiar for å nå målet. Bakgrunn og grunngjeving for dei einskilde måla med strategiar er kort og lettfatteleg formulert.

Kommunen har hatt ein jamn folketalsvekt siste 10 år. Men det låge innbyggjartalet gjer kommunen sårbare når det gjeld tenester og tilbud, og det er viktig at veksten held fram.

Kommunen er prega av bratte fjell, og store område er skred- og rasutsett. Kommunen legg vekt på å skapa trygge bustadområde og trygge kommunikasjonar og infrastruktur. Viktige næringar i Modalen er kommunale oppgåver, servicenæringar, IKT og landbruk.

Kommunen har lagt godt til rette for ulike aktivitetar både innomhus og ute. I kommunen er det eit aktivt frivillig lagsarbeid. Kommunen har prioritert gratis skulemat. Kommunen vil prioritera å støtta opp vidare om desse føremåla.

Topografi og struktur i landbruket i Modalen er ikkje tilpassa storskala landbruk. Kommunen ser likevel landbruket som ei viktig næring, og som grunnlag for busetjing og bevaring av kulturlandskapet og lokal kultur, og for utnytting av utmarksressursar.

Hovudmåla i samfunnsdelen er:

- 1 Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu.
- 2 Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester.
- 3 Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansmiljø.
- 4 I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengeleg for alle.
- 5 I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk.

2.2 Arealdel

Planomtale.

Planomtalen er delt i 6 avsnitt. Desse er:

1. Innleiing
2. Utfordringar og behov
3. Mål
4. Konsekvensutgreiing
5. Presentasjon av ny arealbruk
6. Arealbruk og samla konsekvensar

Kapittel 1 Innleiing

Her er ein kort presentasjon av nasjonale, regionale og kommunale krav og planar som skal leggjast til grunn, vurderast og innarbeidast i kommuneplanen. Av kommunale planar nemner kommunen Småkraftplan for Modalen, Kulturminnevernplan for Modalen kommune og Strategisk næringsplan (1999), dessutan har desse relevans: Beredskapsplan for vassforsyning, Hovudplan for avløp, Hovudplan for vassforsyning, Vassbruksplan for Modalsvassdraget og Beredskapsplan. I planomtalen vert det gjort greie for gjeldande reguleringsplanar.

Kapittel 2 Status, utviklingstrekk, utfordringar og behov

I dette kapittelet gjer kommunen ei vurdering av situasjonen og definerer sine behov under desse overskriftene:

Bustad – Næringsliv – Fritidsbustad – Reiseliv - Mo sentrum – Småkraft – Landbruk - Samferdsle – Strandsone – Barn og unge.

Kapittel 3 Mål

På bakgrunn av dei behov som er formulert har kommunen definert følgjande mål for arealdelen:

1. Arealreserve for bustadbygging med sikte på 500 personar innan 2040.
2. Meir variert bustadtilbod i sentrum.
3. Eigna lokalklimatiske og geografiske tilhøve for god bu-kvalitet.
4. Utvikling av Mo sentrum som regional møtestad.
5. Planen skal bidra til at satsing på landbruksbasert turisme vert enklare.
6. Nye byggeområde bør ikkje lokaliserast i kjerneområde for landbruk.
7. Vassdrag vurdert med høg konfliktgrad i småkraftplanen skal ikkje byggjast ut til kraftproduksjon.
8. Trygg skuleveg for alle skuleelevar i kommunen.
9. Unngå auka privatisering i strandsona.

Kapittel 4 Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga gjer greie for dei areal som er vurdert. Desse er godt illustrert med kart, ortofoto og flyfoto. Det er gjort greie for det data- og kunnskapsgrunnlag som er brukt i vurderingane og for metode for risiko- og sårbarheitsvurdering. Kommunen har vedteke akseptkriteria og desse er presentert.

Konsekvensutgreiinga gjer ei sårbarheitsvurdering for fylgjande tema: Skred – Flaum – Springflo – Ekstremnedbør – Auke i havnivå – Skogbrann – Dambrot – Trafikkulukker – Brot på el-forsyning – Brot på drikkevassforsyning – Sårbare objekt.

For kvart arealelement er konsekvensvurderinga slik strukturert:

- Presentasjon av arealelementet.
- Verdi og konsekvens for ulike tema.
- Risikovurdering
- Måloppnåing
- Oppsummering og tilråding

Kapittel 5 Presentasjon av ny arealbruk

Her vert dei einskilde nye arealelement og omsynssoner kort omtalt (s 111).

Kapittel 6 Arealrekneskap og samla konsekvensar

Kommuneplanen har definert arealbruk utanom LNF for 1478,3 da. Av dette er 208 da byggeområde for bustad, 581 da for fritidsbustad, 312 da er til råstoffutvinning og 111 da til næring.

Plankart

Plankartet dekker heile kommunen. I presentasjonen er tre område vist meir detaljert i utsnitt: Mostraumen/Nottveit, Mo/Otterstad og Øvre Helland. Kartet viser på ein tydeleg måte dei ulike arealbruksføremål. Ras og skredutsette område etter NVE sitt skredkart er vist i planen og illustrerer på ein god måte kommunen sine utfordringar. Kartet viser omsynsoner for ei rekkje føremål, mellom anna kulturminne. Kartet viser funksjonell strandsone.

Føresegner og retningslinjer

Føresegner og retningslinjer er presentert i et eige dokument. Verknaden av føresegner og retningslinjer er tydeleg forklart i innleiinga. Her er og ei ordforklaring saman med ei forklaring av samspelet med nokre andre lover.

Føresegnene er presentert tematisk, og er tydeleg markert i ei innramming. I direkte tilknytning til føresegna, men utanfor ramma fylgjer retningslinjer for same tema. Presentasjonen er oversiktleg og lett forståeleg. Føresegnene er slik inndelt: 1 Generelle føresegner og retningslinjer – 2 Område for bygg og anlegg – 3 Samferdsle og teknisk infrastruktur – 4 Grøntstruktur – 5 LNF-område – 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – 7 Omsynssoner – 8 Føresegnssoner.

3.Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel.

3.1 Generelt om planen

Kommunen har lagt vekt på å laga ein heilheitleg plan for samfunnsutvikling og arealbruk i Modalen framover til 2025. For folketalsutviklinga har kommunen eit perspektiv fram til 2040. Ei samtidig rullering av både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen fungerer godt. Kommunen har lagt vekt på å byggja planarbeidet på nasjonale, regionale og kommunale planar, og har vore aktive for å få til lokal medverknad, noko ein og til ei viss grad har lukkast med. Omfang av tiltak og arealbruk er på eit realistisk nivå.

Når det gjeld nasjonale og regionale føringar saknar vi desse;

Den norske idrettsmodellen. Meld.St. nr 26 (2011-2012)

Folkehelsemeldingen : God helse – felles ansvar. St.meld. nr 34 (2012-2013)

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020)

Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014-2020)

Ny regional kulturplan – på høyring

Regional plan for folkehelse, Fleire gode leveår for alle (2014-2025)

Planen har ei kortfatta og lettfatteleg form, der utfordringar, behov, mål og strategiar er presentert. Føresegner og retningslinjer er detaljerte og forståelege og vil vera eit godt verkty for å gjennomføra planen gjennom praktisk sakshandsaming. Plankartet er oversikteleg og viser dei ulike arealføremål på ein god måte, og har ein omfattande og tydeleg framstilling av dei ulike omsynssoner. Lokalisering og omfang av tiltak og arealbruk står i forhold til behova i Modalen i planperioden.

Det er positivt at det er mykje medverknad frå innbyggjarane i planprosessen.

3.2 Akvakultur

Det er ikkje foreslått akvakulturtiltak i planen. Fylkeskommunen har ikkje merknader til dette.

3.3 Samordna areal og transport

Kommunen har eit lite innbyggjartal, men relativ store interne avstandar. Kommunen legg til grunn at privatbilisme framleis vil vera viktig i Modalen, men legg opp til at vidare utbygging i hovudsak skal skje i dei tettast befolka områda for å redusera dei kommune-interne transportbehova. Kommunen har fokus på, og legg til rette for å auka den lokale andelen lokale arbeidsplassar som vil redusera reisebehovet.

3.4 Arkitektur og estetikk

Føresegnene set krav til utforming og lokalisering av tiltak. Dette gjeld og flytande konstruksjonar. Føresegnene omhandlar og eksisterande bygg og kulturmiljø.

3.5 Barn og unges interesser

Kommunen har i planarbeidet fokusert på barn og unge og involvert desse med skriveoppgåver om Modalen i framtida og gjennom kartlegging av barnetråkk. Det er lagt vekt på tilgang til fysisk aktivitet både ute og inne, gode buområde, gang- og sykkelveggar og trygge skuleveggar.

Vi vurderer at barn- og unge sine interesser er godt ivaretatt i planprosessen og i plandokumenta.

3.6 Friluftsliv

Kommunen har gode vilkår for friluftsliv og dette er synleggjort i planen. Kommunen legg vekt på å sikra ålmenn tilgang til naturområda både langs sjøen og elles i kommunen. Gjennom planlagt arealbruk og føresegner er vilkår for friluftsliv godt i varetatt.

3.7 Folkehelse

Folkehelse er eit hovudmål i samfunnsdelen. I konsekvensutgreiinga for dei ulike føreslåtte nye arealelement er folkehelse vurdert særskild.

Vi ser det som positivt at det er del av eit hovudmål for kommunen å oppretthalde det breie kultur- og aktivitetstilbodet til innbyggjarane i Bryggjeslottet som grunnlag for god folkehelse og trivsel.

3.8 Klima og energi

Planen har ikkje konkrete mål og strategiar for energibruk og klimatiltak. Men energi og klima er vurderingstema for alle areal i konsekvensutgreiinga og slik vektlagt ved prioritering av arealbruk.

Kommuneplanen legg vekt på omsyn til energibruk og energiproduksjon, men vi saknar ei meir tydeleg målformulering når det gjeld energi- og klimatiltak. Regionale klimamål i Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 bør tydelegare nedfellast i kommuneplanen.

3.9 Kulturminne og kulturlandskap

Kulturminneinteressene er godt utgreidd i konsekvensutgreiinga og kulturminne og kulturmiljø er korrekt merka med respektive SOSI-kodar. Dei eksisterande kulturminna er i høve til planlegging og prosjektering av nye byggverk tilfredstillande ivaretekne gjennom dei generelle retningslinene i punkt 4 side 10.

Med omsyn til automatisk freda kulturminne er det ikkje planlagt tiltak innanfor og i nærleiken av desse områda. Eit unntak er her «*Endringar i høyringsframlegg til kommuneplanen sin arealdel*» journalført 23.09.2014 hjå Hordaland fylkeskommune. Endringa inneber at eit areal mellom nordbreidda av Mostraumen og Fv569 vert endra frå LNF-område til framtidig friområde med SOSI-kode 3040. Det er og lagt inn ei omsynssone av typen gjennomføringssone, merka med H810_9, med krav om reguleringsplan. Det er lagt inn retningsliner som formidlar kommunen sine mål for utvikling av området.

Planomtalen er då endra i avsnitt 5.2 på side 107.

Mostraumen har fleire element som gjer den til eit område med stort potensiale for å etablere ein attraksjon for tilreisande og fastbuande. Her er helleristingar i fjellet og landskapet er vakkert og dramatisk. I tillegg fortel området om dramatiske geologiske prosessar og straumen har i lang tid spela eine rolle som

transportåre inn mot Modalen. Modalen kommune ønskjer å legge til rette for at Mostraumen kan etablerast som eit friområde med informasjon og enkle fasilitetar. Området nord for straumen er difor lagt inn i kommuneplanen som framtidig friområde med krav om regulering.

Kulturminna ved Mostraumen, SOSI-kode H730_12 er slik sikra gjennom krav om reguleringsplan.

Det er elles vidare positivt at stølsområda er vist som soner med særskilt omsyn, SOSI-kode 510 og med retningslinjer av nøktern karakter.

Når det gjeld omsyn til eksisterande bygningar og kulturmiljø, så er det ivareteke gjennom generelle føresegner og retningslinjer i avsnitt 1.7 side 9.

Ein bør i størst mogleg grad unngå bygging langs visuelt eksponerte skrentar/høgder for å dempe verknadene av utbygginga i høve til kulturlandskapet omkring.

Elles er det eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne knytt til eldre busetnad og stølsdrift. Alle framtidige planar og tiltak skal vurderast nærare med omsyn til arkeologiske registreringar etter § 9 i Kulturminneloven når dei enkelte reguleringsplanane vert lagt fram.

Fylgjande avbøtande tiltak er vist for kulturminne og kulturmiljø:

- Stølsområda er vist med SOSI-kode 510, omsyn landbruk, og sikra med gode retningslinjer som ivaretek opplevinga av det tradisjonelle kulturmiljøet.
- Dei tre føreslegne naustområda N-1, N-2 og N-3, er av avgrensa storleik og legg berre til rette for eitt til to einingar i perioden med føresegner tilpassa lokal byggeskikk og utforming.
- Retningslinjer for fritidsbustader ivaretek krav om tilpassing til terreng og nærliggjande bygningar, gjennom fargeval, utforming og funksjonar.
- LNF-spreidd bustadbygging sikrar gjennom føresegner og retningslinjer i avsnitt 5.2.7 at det ikkje skal lokalisrast i konflikt med freda kulturminne og at alle søknader skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.
- Alle automatisk freda kulturminne er vist på plankartet som bandleggingssoner, H730.

3.10 Landskap

Kommunen ser på landskapet som ein viktig lokal ressurs. Kommunen knyter generell attraktivitet, friluftsliv, folkehelse, næringsutvikling, kulturmiljø og landbruk til landskapsverdiane. Planen legg vekt på å ta landskapsomsyn ved prioritering av arealbruk og utforming av tiltak. I konsekvensutgreiinga vert alle arealelement vurdert med omsyn til landskap både med verdi, omfang og konsekvens. Føresegnene 1.6 om estetikk m.m. legg vekt på terrengtilpassing. Stølsområde har fått eit særleg vern gjennom omsynssoner.

Planen sikrar på ein god måte at det vert teke landskapsomsyn.

3.11 Næringsutvikling

Hovudmål 3 i samfunnsdelen fokuserer på næringsutvikling, og hovudmål 5 på næringa landbruk. Kommunen har ein næringsplan frå 1998 og denne er framleis relevant.

Kommunen vil satsa på å styrka det lokale tverrfaglege næringssamarbeidet. Kommunen planlegg vidare å etablere eit nærings- og tenestesenter med kompetansearbeidsplassar i kommunesenteret der målsetjinga er å etablere ei næringsklynge for heile Osterfjordområdet. Eit arealelement i sentrum legg til rette for dette.

Prioritering av tverrfagleg samarbeid mellom ulike kompetansemiljø og lokalisering av ei næringsklynge i kommunesenteret er i samsvar med målsetjingar i Regional næringsplan 2013 - 2017 – Næring til fortrinn.

Føresegnene avsnitt 5 gjev gode rammer for tiltak i LNF-område. Kommunen har ein landbruksplan frå 2007 som definerer kjerneområde for landbruk. Kjerneområda for landbruk er ikkje vist i arealplankartet. Desse bør innarbeidast i plankartet som omsynssone, med føresegner og retningsliner knytt til omsynssonene.

3.12 Samferdsel

Kommuneplanen slik den er utforma at den vil fungere som eit godt styringsverktøy for Modalen. Dei føresegner og retningsliner som er foreslått er tydelege og legg opp til ein trygg og realistisk arealbruk.

I planen er det uttrykt at Modalen kommune kan ha potensiale for å verte ein attraktiv kommune for sykkel, men finn ikkje grunnlag for å satse på utbygging av gang- og sykkelveggar. Vi oppmodar til å vurdere gang- og sykkelveg så langt det er råd mellom dei to sentrumsområda; Mo og Øvrehelland. Dersom sykkel skal vera ei reell form for persontrafikk og rekreasjon må det vere trygt å ferdest for syklistar.

3.13 Senterutvikling

Kommunen har ei tydeleg satsing på Mo som kommunesenter. Kommunen legg til rette for lokalisering av næringsareal for kompetansearbeidsplassar i sentrum, og for vidare utbygging av bustader i og nær sentrum. Kommunen ønskjer å få til ei fortetting i sentrum og å utvikla meir konsentrerte og alternative bualternativ, noko planen legg til rette for. Bryggjeslottet skal halda fram med å vera eit viktig kultur- og aktivitetssenter.

Kommunen sine mål og planlagd arealbruk er i samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel som no er på høyring. Vi oppmodar til at det i sentrumsplanlegginga og vert inkludert planar for nærmiljøanlegg, nærfriluftsliv og andre løysingar som kan vere med å forma sentrum som ein aktiv møteplass for alle. Tilboda må finnast der folk er.


Det er krav om utarbeiding av ein områdeplan for Mo sentrum som grunnlag for vidare utbygging. Som grunnlag for områdeplanen skal det og gjennomførast ein stadanalyse. Dette er eit godt plangrep som vil sikra ei heilheitleg planlegging.

3.14 Mineralressursar og skjelsand

Sandproduksjon har vore ei særstør næring i Modalen, men betyr no mindre. Sandressursane er i stor grad regulert og det er ikkje nye arealelement med føremål uttak av sand.

3.15 Strandsone

Vern og bruk av strandsona er grundig vurdert med ei restriktiv haldning, og er nedfelt i planen på ein god måte. Kommunen har definert funksjonell strandsona. Dette er særleg aktuelt for området Mostraumen. Det er lagt inn eit nytt LNF-område der spreidd hyttebygging er tillate der planen opnar for inntil 4 hytter. Den funksjonelle strandsona er her byggjegrænse.



*Mostraumen -
flyfoto
Kjelde: Finn.no*

3.16 Vassforvaltning

Planen legg vekt på å leggja til rette for mini- og småkraftverk, men samstundes ta vare på vassdrag der andre interesser er viktige. Kommunen har utarbeidd forslag til ein småkraftplan som på ein god måte illustrerer aktuelle utbyggingsprosjekt med status både for konsesjonshandsaming og konfliktnivå. I planomtalen opplyser kommunen at dette planforslaget skal danna grunnlag for vurderinga i kommuneplanen, arealdelen.

Informasjonen i småkraftplanen er godt inkludert i arealdelen. Områda som i småkraftplanen er vurdert å ha stort konfliktpotensiale/ område kommunen ikkje ønskjer skal byggjast ut er definert som omsynssone: Særskild omsyn for landskap (H560) med tilhøyrande retningsline.

Føresegnene har forbod mot byggetiltak langs vassdrag nærare enn 25 m. Det er unntak for naudsynte tiltak for fiske og farleier til sjøs og langs vassdrag.

I det tronge dalføret Modalen er dette ei akseptabel avgrensing.

3.17 Vilt og innlandsfisk

Konsekvensutgreiinga vurderer konsekvensar for naturmangfaldet for alle nye arealelement. Ingen nye arealelement trugar viktige naturtypar eller raudlisteartar. Det er heller ikkje nye tiltak som trugar innlandsfisk eller fisk i Modalselva.

4. Innspel til utvalde arealføremål

4.1 Samandrag av innspel

Vi finn ikkje at dei arealføremål som er føreslått i ny arealdel til kommuneplanen er i strid med regionale interesser.

5. Oppsummering

Framlegg til ny kommuneplan for Modalen kommune er gjennomført i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til oppstartmeldinga og våre innspel er tatt omsyn til ved utarbeidinga av planen. Kommunen har gjort eit grundig arbeid med å informera om planarbeidet og skapa medverknad. Kommunen sine behov er kartlagt og definert, mål og strategiar er formulert og arealplanen er utforma for at måla skal kunna nåast. Ulike alternativ for arealbruk er foreslått, konsekvensutgreidd og deretter har kommunen fastsett føremål, arealbruk og omfang. Arealbruk og tiltak det vert lagt til rette for er på eit realistisk nivå. Kulturminneverdiar er godt sikra. Planen er i hovudsak i samsvar med regionale planar.

Kommuneplanen for Modalen er konkret og utforma slik at den vil vera eit godt reiskap for kommunal sakshandsaming, og gje føreseielege rammer for publikum og næringsliv.